

BOKN BYGDABLAD

Nr 8 - Oktober 2002 - Årg. 17



Bygdeboka - s. 3



Bustadmesse - s. 4



Hestesenter - s. 10




Sperreskål - s. 13



Bokn
kommune

Kusymre
kommuneblom i Bokn





RDFØRAREN RDET

Hei!

Utviklinga i Bokn og Kommuneplanen

Formannskapet hadde møte med Fylkesmannen, som møtte med dei sentrale folka sine innan områda me ville ta opp. Me fekk presentert synspunkta våre og Bokn sine utfordringar. Fylkesmannen fekk ei betre forståing for utgangspunktet vårt. Så er det slik at der er statlege føringar som Fylkesmannen må følge. Det er allikevel rom for noko skjønne og me fekk tilbakemelding om at dei skulle bruke det, i Bokn sin favør, så langt råd var og at dei nok behandla kommunane litt ulikt.

Men det som kanskje var det viktigaste er at ein kommuneplan er eit svært viktig styringsredskap. Fylkesmannen brukar den i si sakshandsaming og gjer sine vedtak utifrå den. Det blir då svært viktig at alle engasjerer seg i utforminga av Kommuneplanen slik at den gir anledning til ei positiv og ønska utvikling på Bokn. Den må angi kor det kan vere aktuelt med bustadbygging, også spredt bustadbygging som er svært viktig på Bokn, næring, naust, molo og hytter. Kommuneplanen for Bokn er under revisjon og der vil bli gitt anledning til å komme med innspel ved fleire anledningar. Mange har allerede vært involvert i utarbeiding av landbruksplan og kystsonplan som er delar av Kommuneplanen.

Kommuneøkonomien

Me begynner nå å få oversikt over økonomien til Bokn kommune for 2003. Inntektene og driftsutgiftene til kommunen blir redusert litt, og då spesielt lønn og pensjonsutgifter aukar mykje slik at budsjettet ikkje vil gå i balanse med dagens drift. Administrasjonen går nå gjennom tala og drifta. Dei vil så komme med alternative

forslag til innsparingar. Kommunestyret vil så avgjere kva tiltak som skal settast i verk for å få eit tilfredstillande budsjett.

Eg vil prioritere å opprettholde tenestene til Bokn sine innbyggjarar og spare mest mulig på administrasjon. Det kan skje ved samarbeid med andre kommunar, kjøp av tjenester, og me må stille spørsmål ved om me kan utføre alt papirarbeidet me blir pålagt av andre myndigheter.

Statlege overføringar

Bokn opplever nå ein tilbakegang i folketallet, som og gjer at Bokn får lågare overføring frå staten. Dette er ei uheldig utvikling for eit så lite samfunn som Bokn. Fleire basistilbod kan stå i fare for å forsvinna og mykje kan bli for dyrt og vanskelig å driva. Det er derfor svært viktig at alle gjer det dei kan for at Bokn fortsatt blir den beste staden å bu på Haugalandet.

Delta positivt i det som skjer, arbeid i frivillige lag og organisasjonar, kan eg skape min eigen arbeidsplass? Benytt tilbod og tenester på Bokn og omtal Bokn som den beste plass å bu.

I frå kommunen si side vil me fortsette vårt arbeid med satsing på barn og unge, god skule, bustadtomter, næringsetableringer, gode kommunale tenester, og gjere Bokn kjent som ein trygg, sentral og god stad å bu.

La oss gå i lag og gjere ein innsats for at Bokn som lokalsamfunn skal utvikle seg positivt.

Svein Ove

Andre bandet av Bygdeboka er komen!

Birger Lindanger

Endeleg - fredag 18.oktober - kunne pallane med det andre bandet av bygdeboka køyrast trygt i hus på Boknatun. Etter fyrst å ha blitt feilekspedert til Stavanger kom ho hit, 1000 bøker i talet. Skinande ligg ho nå i Servicetorget og ventar på kjøparane. Andre bandet blei på 625 sider, 110 sider meir enn det fyrste! Men så omfattar det også Håland, Vatnaland, Trælhaug, Laupland, Are, Hognaland, Loden, Jøsen, Sunnaland, Sørå og Nora Grønstad, Trosnavåg, Gunnarstad, Torland, Dagsland og Økland.

Attåt gards- og slektshistoria, får de òg med ordliste, foto av alle ordførarane, register over alle båtar i Bokn frå 1921 til 1948, personregister og rettingar og tillegg til bd. 1. Aller bakerst er det eit stort kart over Bokn frå 1860 med mellom anna oversyn over alle gardar, kverner, vegar, seglingsleier og husmannsplassar då.

Me har oppdatert framstillinga heilt fram til sommaren 2002 slik at ho skal vera mest mogeleg aktuell.

Dessutan er ho rikt illustrert med heile 375 foto, det eldste frå 1860! Eg har ikkje talt heilt opp, men i gjennomsnitt ser det ut til å vera fire - fem personar på kvart foto. Det vil seia at du finn foto av meir enn halvanna tusen boknarar, for det meste frå perioden 1860 - 1960. Attåt er det også ei rekkje andre illustrasjonar, mellom anna bumerke og 17 brukar-lister.

Meininga med verket er ikkje minst at folk som har noko med Bokn å gjera, skal få styrkt banda

sine til staden. Bøkene skal vera med på å skapa identitet, røter og respekt for eige opphav og kultur. Difor var det naturleg å velja eit dialektnært nynorsk som framstillingsform.

Så håpar me at bøkene smakar! God appetitt!



Ei spesiell kjensle for tre av medlemmene i bygdeboknemnda, Sigvart Våga, Solveig Ellingsen og Olaug Hognaland då Bygdeboka kom inn døra 18. oktober.

Bygdabladet beklager

Tekniske feil førte til at teksten forsvann enkelte plassar i septemberutgåva. Dette er irriterande og svært beklageleg, men noko som dessverre skjer når tida til korrektur blir for knapp.

I den interessante artikkelen om barn, ungdom og helse skal slutten s. 5 vera slik:

"I den generelle samfunnsutviklinga meiner han at det må byggast ut nye fleirbruks idrettsanlegg, slik at innbyggjarane har valg når dei vil gjera andre ting enn friluftsliv. Norge er eit u-land når det gjeld hallar og idrettsanlegg".

På s. 16 i stykket om idrett skal slutten vera:

"Både stadion, klubbhuset til BIL og turstien i Føresvik samt Alvestad nærmiljøanlegg har mottatt slike midlar, og framover er det i tillegg til hestesportsanlegget i Sandvika planar om skytebane på Gunnarstad.

(Kilde: Norsk idrett nr. 3/2002)

Dei som ventar på **Slekters gang** må nok venta til november, men då kjem det heilt sikkert.

Eg håpar du finn dette bladet slik du vil ha det, og at all teksten vil visa.

Ha ei fin lesestund!

- redaktøren -

Einaste kommune på bustadmesse

Reidar Alvestad

Vardhallen

"Gjør din bolig bedre" var slagordet for den årlege bustadmessa som fann stad i Vardhallen i Haugesund i tida 18. – 20. oktober.

Utstillarar frå alle mulege leverandørar av varer til hus og heim og litt til var representerte med eigne stand. Møbler, ferdighus, tepper, kjøkken, badersutstyr, golvbelegg, hageartiklar mv. var det godt utval i. Fredag den 18. oktober var det ikkje så mykje folk, men det auka på for kvar dag fram til søndag den 20. oktober.

Bokn einsleg kommune



Bokn kommune sitt utstillingsområde. Slik såg det omtrent ut då det var ferdig oppsett.

Foto: Gro Sørensen

Ingen andre kommunar enn Bokn hadde funne det formålstenleg å presentera seg for eit stort publikum. Det er slik at folk må ha tomt dersom dei skal byggja nytt, og det var særleg på dette området Bokn kommune ville visa seg fram og tilby fine og rimelege tomter. I tillegg nytta kommunen høvet og presenterte kommunen i form av bilete og kart. Bygdabøkene, bygdblade og brosjyrer låg også framme.

Linedance

For å skapa ein vri på utstillinga på søndagen, var ei gruppe av line-dansarane frå Bokn og dansa i to omgangar inne i Bokn sin stand. Dette var det mange som syntes var eit flott innslag i den elles einsarta utstillingsjungelen. Mange stoppa opp og syntes det var eit artig innslag. Så fekk kommunen også vist litt av kulturen.

Tomtegimmick

Bokn kommune hadde tatt ut ei tomt på Øyrenfeltet som dei ville selja for kr. 10.000,-. Her var det 16 interesserte som søkte. Dei fleste var frå andre kommunar. Men då ordførar Svein Ove Alvestad trekte ut ein heldig av søkjarane, blei det ein boknar, nemleg Ann Elisabeth Strand frå Austre Bokn.

Vellukka for kommunen?

Det er kanskje litt uvant at ein kommune deltar på ei bustadmesse. Ser ein imidlertid på kor mange bransjar som utbyr varer på ei slik messe, er det ikkje så una-

turleg at kommunane presenterer seg sjølv med dei ulike tilboda dei har i kommunen innan barnehage, skule, kultur, organisasjonsliv mv., inkludert kor dei har tomter og prisar på desse.

Bokn kommune sitt utstillingsområde hadde mange besøk under messa. Det var mange unge som såg på tomteområda, 16 søkte på tilbodstomta, og mange såg på bileta og karta frå kommunen og distriktet. Framtidige kommunikasjonar og vegar var det ein del spørsmål om, slik som T-sambandet og Rogfast. Også politikarar



Dei 6 line-dansarane frå Bokn laga liv i leiren. Mange stoppa for å sjå og høyra. Ann Elisabeth Strand lengst til høgre i biletet var den heldige vinnaren av billig-tomta på Øyren.

Foto: R. Alvestad



Ordførar Svein Ove Alvestad syner rådmann Jan Erik Nygaard kven som var den heldige vinnaren av 10.000 kroners tomta.

Foto: R. Alvestad

og tilsette i andre kommunar var innom, og sa at dei ville vurdera deltaking seinare dersom dei fekk inntrykk av at Bokn kommune hadde gode erfaringar frå si deltaking dette året. Kor vidt deltakinga var vellukka for Bokn komune, kjem vel an på auga som ser. Det verka i alle fall som at interessa frå publikum var god, og kommunen fekk profilert seg.

MINNEORD

Bergit Våge er død, 86 år gammel.

Bergit blei født og oppvaksen i Våga.

Foreldra var Alette og Lars Våge. Bergit var i midten i ein syskenflokk på tre.

Som ung hadde Bergit huspost, seinare arbeidde ho mange år på kafé i Stavanger, før ho kom heim for å hjelpe broren Osmund og mora på garden. Bergit blei verande på garden, og stelte hus og heim for seg og broren, ho var flink med gards og husarbeid.

Det var alltid kjekt å komme til Våga, der var me alltid velkomne. Bergit likte å få besøk, og var snar med å sette på kaffen, og finne fram mat. Ho hadde godt humør, var kvikk i replikkane, og hadde alltid gode historiar på lager.

Etter at broren døydde, bodde Bergit aleine på garden, inntil ho ikkje klarte å stelle seg sjøl.

De siste åra budde ho på sjukeheimen, der hadde ho det godt, og fekk god pleie. Ho døydde etter kort sjukeleie.

Bergit var ugift, nærmaste familie er Sigfrid og Arne, som ho var tante til.

Vi lyser fred over Bergit sitt minne.

familien



Gav kr. 2.315,- til TV-aksjonen!



Småskulen (1.-4. kl.) solgte vaflar, muffins og boller i april i samband med prosjektet sitt "Barn i andre land". Pengane dei fekk inn, kr. 2.315,- gav dei til årets TV-aksjon nyleg. Gåva blei sett inn dagen etter aksjonen og førte til at Bokn klatra frå 3. til 2. plass i fylket, berre slått av umulege Utsira. Bokn har vore i fylkestoppen i fleire år no. God reklame for kommunen!

Pr. 24. oktober er landsoversikta på over 138 mill. kr., og aldri før har det blitt samla inn så mykje i bøsseane til eit formål utafor Noreg. Gjennomsnittinnbyggaren i landet har gitt kr. 30,- (boknaren kr. 67,-). Midlane går til Atlas-alliansens arbeid for funksjonshemma i fattige land.

Det er hyggeleg at Bokn Røde Kors har tatt på seg å vera bøssebærarar permanent! I år hadde dei med seg medlemmer i LHL, som er ein av organisasjonane i Atlas-alliansen. Me er også glade for at andre frivillige plutseleg dukkar opp på aksjonsdagen og vil gå med bøsse.

På vegne av kommunekomiteén vil eg retta ein stor takk til Bokn Røde Kors, LHL, andre frivillige og ikkje minst småskulen for den flotte gåva!

- redaktøren -



Petra fritidsklubb informerer



Ann Kristin Grønnestad

Ute plaskregner det, og jeg sitter inne i varmen og tenker på at med en slik sommer bak oss; så tåler vi det meste av dårlig behandling av værgudene fremover! Det er ikke mye som kan få "stamgjestene" våre på Petra til å holde seg borte på en klubbkveld, og de lar seg ikke stoppe av dårlig vær i hvert fall...

biljardkøene.

Vi ønsker selvfølgelig at enda flere ungdommer skal synes at Petra er et tilbud de har lyst til å benytte seg av, og selv om vi aldri kan treffe *alle*, så satser vi på å få enda flere til å ta turen til Kulturhuset vårt! Er det noen som har ideer til aktivitet eller annet, så er det bare til å ta kontakt med de i styret eller meg.

Nå skal vi begynne med dart igjen, akkurat *hvor* pilkastingen skal foregå, er ikke helt bestemt enda. Vi vil jo helst ikke ha noen ulykker, og tro meg; tenåringer med hormoner, armer og bein i total ubalanse, kan være nokså skummelt!


Jeg får ganske mange henvendelser fra foresatte som sier at de bare har sittet vakt på fredager, og at de gjerne ville sittet en onsdag. Og jeg forstår dere. Virkelig. Vi er alle slitne og har lyst til å ta helg. Noen skal opp og "stella i fjosen", andre har små barn som våkner tidlig, eller skal på jobb også neste dag. Men.....

Siden vi nå har Petra hver tredje onsdag og hver fredag, så blir det naturligvis flere fredager enn onsdager... Når jeg sender ut vaktlistene, så blir den sendt ut til ca.

35 adresser, alle vil ha en onsdag.... Hadde dere klart å fått det regnestykket til å gå opp? En 6-7 onsdager i halvåret delt på 35 foresatte, hvor mye blir det?? Sorry, men jeg kan ikke, så mye jeg enn ønsker det, sørge for at alle får onsdagsvakter!

Det går bare ikke!

Vi prøver å la det gå på omgang, men det er andre ting som spiller inn også. Blant annet dette med de foresatte til ungdommene som må gå kl. 22.00 på fredagene; flere av disse mener at det er urettferdig at de da må sitte vakt nettopp denne kvelden. Dette er jeg blitt bedt om å ta hensyn til. Eller de foreldrene som gang på gang stiller opp når de blir spurt om å sitte vakt for noen som ikke har dukket opp... Er det ikke rimelig at de får en onsdag neste gang lista skrives? Det er foresatte som kommer til meg og trygler om å få sitte vakt sammen med den og den... og i hvertfall ikke den! Foresatte som er uvenner eller ikke kommer så godt overens. Vi prøver å gjøre alle til lags, og ikke misforstå meg; jeg setter stor pris på at dere tar kontakt med meg når dere har noe på hjertet! Men jeg blir litt provosert i blant, fordi jeg ser at de som klager mest, får fordeler som den som ikke klager, ikke får.



Styret skoleåret 2002/2003:

fv. Jørgen Thuestad (innkjøpsansvarlig), Emilie Eikje (aktivitetsansvarlig), Eirik Vea (Pr-ansvarlig), Tom Inge Aksdal (Cd/Dvd-ansvarlig), Therese Våge (formann) og Veronika Sæbø (kasserer/regnskapsansvarlig)

Petra har ikke mindre enn 4 vaskere; Sophie Alvestad, Rakel Alvestad, Rebecca Sæbø og Merete Bryningsland. Disse ivrige jentene deler på vaskingen, og foreløpig så ser denne ordningen ut til å gå veldig greit. Flinke er de!

Ettersom vi har et godt halvår med mange pengebrukende ungdommer bak oss, så kan vi trygt si at Petra's økonomi er sterk for tiden. Sterkere enn den har vært så lenge jeg kan huske! For å gjøre jobben lettere for våre fnisete vaskedamer, så skal vi investere noen av pengene i ei vasketralle, og noen moppestativer.

Gjennomsnittet av brukere på Petra har økt, det er så tydelig at ungdommene trives på klubben! Og det er minimalt av ting som er blitt ødelagt. Biljardbordet er blitt flyttet inn i hovedrommet, eller "stuå" som jeg pleier å kalle det. Det rosa rommet var for lite, det ser en jo tydelig på veggene, som er fulle av svarte merker etter

Skjønner? Og som det trassige mennesket jeg er, så har jeg mitt eget lille belønningssystem inne i hodet mitt, der jeg noterer meg navnet på dem jeg syns har gjort seg fortjent til en onsdag. Syns dere det er ille?

Blant annet var det to damer som gjorde ren en *meget* illeluktende isboks full av smeltet is-smørje for noen uker siden, de har jo fått ei stjerne i boka av meg. Jeg

satte stor pris på at de hjalp oss, det var en motbydelig jobb. Det vet jeg, for jeg har gjort den et par ganger selv. Dette er ikke ment som noe annet enn et hjertesukk fra meg, vi er avhengig av at dere sitter vakt for oss. Mange av dere kan jo dele på det, at dere sitter to timer hver. Har dere forslag til noe som kan gjøre det kjekkere for dere å sitte vakt, så er det bare å komme med dem!



Giverglade boknarar!!

Vi i Røde Kors ønsker å takke alle boknarar. Under siste innsamlingsaksjon ble det samlet inn kr. **28.064,50**

Dette er en sum som ville gjort selv Utsira misunnelig, selv om at det ikke var en TV-aksjon.

Denne spontanaksjonen som var nå er en videreføring av et arbeid som ble startet for en stund siden. Da sendte Norges Røde Kors i samarbeid med Kirkens Nødhjelp en transportferje med gamle militærlastebiler gitt av det Norske forsvaret. Disse skal bli brukt til å frakte mat og medisiner rundt i landlige områder rundt i Afrika.

Røde Kors vil igjen takke for innsatsen.

Røde Kors setter Bokn på kartet

Helgen 25-27 oktober blir en merkedag for Bokn røde kors.

I samarbeid med Røde Kors-foreningene på Karmøy er det nå blitt bestemt at all kursing i vannredning i Rogaland vil bli på Bokn. Kurset vil bli gjennomført i sin helhet i Alvestadkroken hos Steinar.

Vi starter nå med et grunnkurs vannredning og senere vil det komme videregående kurser i samme fagområder.

Dette har meget stor betydning for Bokn Røde Kors, Det vil føre med seg en del kompetanse som vi per i dag har for lite av, og forhåpentligvis trekke til seg nye medlemmer. Økonomisk gevinst får vi i form av en del utstyr som vil bli kjøpt inn av Rogaland Røde Kors.

Jeg vil til slutt takke alle medlemmer som gjør det gjennomførbart å ha alle disse prosjektene, det er en bra stå-på-vilje i gjengen.

Dersom det er noen som ønsker å bli med i et positivt miljø med meningsfull fritid kan du ta kontakt med

Kaj Arne på tlf: 52 77 59 60 / 909 600 35

Hilsen

Kaj Arne Christiansen
Leder Bokn Røde Kors

Rogfast billigere enn Rennfast

Det blir billigere å kjøre gjennom den planlagte Rogfast-tunnelen enn å ta ferje mellom Arsvågen og Mortavika etter dagens takster, melder NRK Rogaland.

Forutsatt av staten betaler en tredjedel av regningen på tre milliarder kroner, vil bompengesatsen for personbiler i Rogfast bli 160 kroner.

Rogfast vil halvere reisetiden mellom Haugesund og Stavanger og vil i løpet av 25 år spare samfunnet for over en milliard kroner i forhold til dagens tilbud. Rogfast vil også gi Kvitsøy fastlands-samband.

Målet er å få Rogfast vedtatt i Stortinget i 2006. Tunnelen kan da være ferdig innen 2012.




Foto: JH

Ikke science fiction: det er planer om at tunnelen kommer opp i området ved billettluke i Arsvågen.

Kom innom
Service-
torget og få
ein refleks.

Bruk
refleks og
bli sett i
Bokn
kommune!



Fjoslukt og flodhestar

Hans Marius Våga

Fjoslukt sit lenge i kleda. Då eg ein kjøleg kveld drog fram den einaste tjukke gensaren eg hadde tatt med - ein grøn fleecegensar eg hadde knabba av bror min, kjende eg ein umiskjenneleg snek av prustande kyr, surrande floger, varm mjølk og dampande kuskit. Med eitt var eg attende i Loden, mellom steinete knausar kledde av lyng og svarte skjer slipte av det aldri kvilande havet. Gjerdestaurar og teinedobbar.

Eg tenkte to ting:
Bror min er ein slaur
til å vaske klede.
Og: Jommen er det
lenge til eg er heime
igjen.

For eg var i Afrika.
Nærmare bestemt i
den nordlege delen
av det austafrikanske
landet Tanzania.
Og her skulle eg
vere fram til 1.
desember. Eg
tenkte på kva dato
det var no, og kom

fram til 29. juli. Ei veke gjennomført, fire månader att. Det var godt eg hadde med meg ein gensar med fjoslukt. Den kunne bli god å ha iblant.

Kvifor var eg her? DEt var kona. Ho skulle ta hovudfag i sjukepleievitskap på HIV/AIDS-sjukdommen i Tanzania, og eg ville vere med. Å tutle åleine i Bergen heile hausten mens kona spelte seg i Afrika verka litt stusseleg. I tillegg var det forlokkande å få høve til å oppleve eit heilt anna kontinent og ein heilt annan kultur enn det vanlege i Noreg. Til sist skulle eg jo ikkje vere anna enn ektemann og turist, og kanskje var det beint fram litt latskap som fekk meg til å reise.

I alle høve, eg blei med. Ein haust i Afrika, utan kyr og fjoslukt, haugar og myrar, lyng og bragje, holmar og skjer, sauer og måkar. Ein haust med mykje nytt i vente. Og no var eg altså her. Og her er eg endå. Når dette vert skrive (2. oktober) er eg akkurat halvvegs i mitt opphald. Eg har vore vel to månader i Afrika.

Eg har vore på ulike stader. Millionbyen Dar es Salâm er som dei fleste millionbyar og turistbyen Arusha er som dei fleste turistbyar. Støvete gater, gamle bilar, hissige trafikantar, trange bussar, varme internett-kafear, snakkesalige gateseljarar, knøttsmå salsboder, store fruktmarknader, billege restaurantar, flotte hotell, stygge gjestehus, tyske aviser, franske baguettar, finsk sauna og svenske gloser. Pluss coca cola.

Men landsbyen Haydom er ikkje som dei fleste landsbyar. Humpete vegar av brun mold og raud leire, omreisande marknader, flokkar med kyr og geiter gjeta av smågutar, folk som tygg på sukkerrøyr (det lokale

snopet), små butikkar av bølgeblikk som alle har litt av alt, hus med leirveggar og stråtak, skinande sykklar i sola, sekkar med mais og ris, gule dunkar på sykkel-setet på veg heim frå brønnen, sandaler laga av kasserte bildekk og eit fjernsynsapparat i den einaste restauranten på deling. Pluss coca cola.


Og så har eg vore på ein stad langt bortanfor det eg nokongong trudde eg ville oppleve. Eg har vore djupt inne i Rift Valley, to dagsreiser frå nærmaste antydning til sivilisasjon. På ei endelaus, gyllen savanne avskoren av bratte fjellveggar i aust og vest såg eg unge jenter danse hoppedans i perlesyddde skjinnskjørt mens gutane svara med same dansinga i deira karakteristiske raude kjortel med ein tynn kjepp i handa. Eg har sett gamle menn med svære hol i øyrene rusle barbeint rundt med krukka med honningøl hengande i ei snor rundt handa. Eg har sett gamle, smilande damer med utsogne bryst lage den typiske maisgrauten dei alltid et. Eg har sett dei begrave ein storkar som hadde seks koner og ein drøss med ungar, og eg har sett dei plante eit tre pr. kone på grava hans akkurat i det sola seig nedanfor fjellveggen i vest, til dørgande stille og intenst stirrande auge. Og eg har - endå lengre ute i audemarka - sett eit stammefolk som framleis lever som jegarar og samlarar, bur i provosoriske stråhytter som dei forlet etter nokre månader som dei nomadene dei er, jaktar villsvin med pil og boge, samlar røter og bær, knusar mais mellom flate steinar og tenner bål med ei fjøl og ein pinne. Null coca cola.

Og eg har tenkt to ting: Dette er det ikkje ofte ein får oppleve. Og: Er det verkeleg mogleg at folk lever slik endå?

For dette er ikkje eit TV-program frå BBC laga av sir David Attenborough, med Hans Chr. Alsvik som norsk kommentator. Dette er ikkje o-fagsboka frå 6. klasse. Dette er ikkje ein turistgimmick. Dette er levd liv, autentisk tilvære, for ganske mange afrikanarar. Her lever ein framleis midt i, med og av naturen. I hus laga av stokkar, leire og strå, av einsformig mat laga på bål, på briskar laga av fletta sisaltau, med ville dyr som løver, slangar og hyener utanfor den krattliknande innhegninga som alle slike små storfamilietun er bygde innanfor. Bølgjande savanner, blinkande stjerner, blømande akasietre, flakkande bål.

Ja, livet er så mykje rart. Frå rikmannspalasset i den nordlege delen av Dar es Salâm til det vesle familietunet langt inne i Rift Valley.

Eg har også treft ulike folk. Eg har treft Sebastian, som jobbar som kelner på ein lokal restaurant i Arusha. Han smiler og ler heile tida, og tykkjer det er morosamt at eg freistar å snakke swahili. Han spelar biljard med sjefen for butikken, ein tjukk inder med turban som lengtar heim til India kvar einaste dag. Han har kone og ein unge, og føreslår at eg burde prøve meg på den



svære matrona som jobbar på kjøkkenet, fordi 'she wants to sleep with you'. Eg svarar høfleg nei, smiler til matrona og lovar å komme attende neste kveld. Eg har fått meg ein ven i Arusha. Han heiter Sebastian, og eg dårlegare enn meg i biljard.

Eg har treft ein gammal mann i Haydom. Han er cirka sytti år, kan ikkje eit kløyva ord engelsk og eg anar ikkje kva han heiter. Han ruslar rundt på det støvete landsbytnet utan noko sers å bedrive. Akkurat som meg. Han smiler til folk han møter, og helsar til høgre og venstre. Akkurat som meg. Og så set han seg kanskje ned på ein stein, myser mot den varme sola, trekkjer hattebremmen litt lengre nedover panna og tenkjer enkle tankar om livet - som kva dato det er no. Akkurat som meg. Det er kanskje difor me har funne tonen så godt. Me begge berre ruslar rundt og ser på livet, utan hast og utan hensikt. Han har to søner som bur i nabolandsbyen seksti km lengre søraust, mens han sjølv har vore i Haydom så lenge han kan hugse. Truleg i cirka sytti år. Eg har ein ven i Haydom. Han går i den same fillete dressen kvar einaste dag, og kan ikkje eit kløyva ord engelsk.

Eg har treft ein evangelist i Rift Valley. Han heiter Martini, og er den minst evangelistiske evangelisten eg har sett i mitt liv. Han går barbeint på varm, tørr jord med ein svær slaktarkniv i beltet, kledd i ei oppspjæra canadaskjorte og fillete dongerishorts. Han hadde gudsteneste på feil dag, då han hadde komme ut av teljinga og trudde laurdagen var sundag. Huden hans er grå av støv og på låra har han små, lange, tynne arr etter kvasse tornebuskar og kanskje ei pil som kom på avvegjar. Eg kjenner ein evangelist i Rift Valley. Han heiter Martini, og snakkar eit snodig klikkespråk.

Ja, livet er så mykje rart, også i Afrika. Frå ein smilande kelnar i Arusha til ein oppskrapen evangelist langt inne i Rift Valley.

Eg har også sett mykje natur og dyreliv. Afrika er nemleg også safariturar og bilete av unorske dyr. Eg har vore på ein slik safaritur, til dei endelausa Serengeti-slettene, til saltsjøen Lake Manyara, til det

digre Ngorongoro-krateret (250 km²) og til frodige Tarangire med elva som ei livgjevande åre. Fantastisk mektig natur, og drøssevis av elefantar, sebra, gnu, sjiraffar, nashorn, bøflar, gepardar, bavianar, flodhestar, ymse fuglar, og sjølv sagt løver. Eg var faktisk fire meter frå to parande løver. Fire meter. Parande løver.

Det synet fekk meg til å tenkje på den gongen stuten som gjekk meg kvigene hadde komme seg over gjerdet til kyrne, og ei ku var på laupinga. Far ville helst inseminere kyrne med den rette stutesæden, så eg såg det som min misjon å stogge dei to turtelduene som kjapt fann kvarandre. Den vesle pjokken på tretten år verka nok ikkje myndig nok, for jamvel om han freista bruke seg sjølv som fysisk skilje mellom ei prustande ku og ein grylande stut, var dei ikkje til å stogge.

Eg fekk ikkje det minste trong til å freiste stogge løvene, der hannen brølte ut sin glede og hunnen flekka tenner og kvinte.

Ja, løver er jommen spennande greier. Og Afrika er jommen spennande greier. Eksentriske stader, elskverdige folk, eksotiske dyr.



Men stundom vert eg ein liten pjokk på tretten år, ein pjokk som småspring utover grusvegane mot kubeitet på jakt etter ei brunstig ku og ein småkåt stut. Ein liten pjokk som lengtar aldri så lite heim. Til gjerdestaurar og teinedobbar. Samstundes som han har det kjekt i Afrika. Det går an å lengte litt heim og ha det kjekt samstundes. Om ikkje anna så har eg i alle fall lært DET denne hausten.

Om to månader, når eg kjem heim, skal eg gjere fire ting:

Eg skal rusle utover vegen mot marka, kledd i oljehyra til bror min, setje meg på toppen av ein av bunkersane og sjå på havet.

Eg skal setje meg ved matbordet heime og vente på at mor kjem med grovbrød og rørte rips, og minst ein liter iskald mjølk.

Eg skal gå inn i fjosen, og dra ned ein skikkeleg magadrag av prustande kyr, surrande floger, varm mjølk og dampande kuskitt.

Og så skal eg gi gensaren tilbake til bror min.

Livet er så mykje rart, både i Afrika og i Loden.

Hans Marius, i sola på Zanzibar 2. oktober 2002

Hestesport i vinden

Reidar Alvestad

Rideleir i haustferien

Garden til Kari Christensen og Olav Larsen i Kro har dei seinare åra utvikla seg til eit hestesenter med ganske stor aktivitet. I haustferieveka nyleg hadde Kari Christensen 8 unge i alderen 8 – 14 år på hesteleir. Her lærer dei "alt" om hestar – det vil seia heile prosessen med å ta vare på dyra. Det er altså ikkje nok berre å læra å ri. Det er berre ein del av det som foregår på

ein rideleir.

8 jenter frå distriktet er denne gongen deltakarar på leiren. To av desse er frå Bokn, medan to har annan tilknytting hit. Dei andre fire er frå distriktet. I tillegg har Kari med seg to jenter som assisterer henne på rideleiren. Dei er 14 og 15 år gamle, og begge har hestar som er med under leiren. Dei er flinke med kursdeltakarane, og ho ville ikkje greid seg aleine utan denne hjelpa. Dei var også med henne i sommar i to veker.

Stor interesse

Kari Christensen som har hovudansvaret for rideleirane, fortel til Bygdabladet at det er stor interesse for denne type aktivitet.

Ho har avertert lite, og det viser seg at folk som har vore på tidlegare leirar kjem att, og jungeltelegrafen er aktiv. Denne gongen er det 6 av deltakarane som har vore her før.

Rideleirane starta i vinterferien i år, i tillegg til påskeferien, sommarferien, og nå i haustferien. Til leirane i neste vinterferie er det alt begynt å fyllast opp, og til sommar er alt 2 veker fylt opp.

Hestegarden i Kro arrangerer også reine ridekurs mandagar og tirsdag for barn og vaksne, og dei har hatt helgeleir.



Garden til Kari Christensen og Olav Larsen i Kro er prega av at dei driv med hest. I forgrunnen fleire innhegningar innkludert den store treningsbane.



Kari Christensen på Stalloftet kor teoriundervisning og møter foregår. Her viser ho Rideknapp-diplomar.



Rytterkafeen har kjøkken og fleire bord med stolar. Her blir alle måltida inntatt.

Rideknappen

Deltakarane på rideleirane kan ta den såkalla rideknappen. Denne kan deltakarane ta i regi av BORK, som igjen er medlem av Norges Rytterforbund. Rideknappen har forskjellige grader. Under grad 1 skal ein lære




Kari Christensen instruerer ein av leirdeltakarane . I bakgrunnen ein ev medinstruktørane.

ferdigheter som t.d. å gå ut og inn av spilltau/boks, legga grime på, binda hest med grime og grimeskaft, pusse hest, leia hest osv. Det er 6 ulike punkt i ferdighetslista. Ein del av deltakarane tar knappen. Då får dei ei nål og diplom.

Meir enn berre riding

Kari Christensen fortel at rideleiren er ein heil "pakke" som er mykje meir omfattande enn berre det å lære å ri. Deltakarane bur i ei hytte på garden. Dei startar tidleg, og klokka 8 om morgonen er den eine gruppa i gong med føring av hestar. Den andre gruppa lagar til frokost i Rytterkafeen. Slik held det fram utover dagen med bytting av oppgåver. Alle deltakarane får dermed



Medan den eine gruppa trenar på banen, steller den andre gruppa med andre ting.

varierte oppgåver ved at dei blir kjent med og lærer kva som skal skje heile dagen. I løpet av leiren får dei eit helskapleg oversyn over kva det vil seia å ta vare på dyra ved at dei tar del i alle oppgåvene. Innkludert her er både føring, måking, stell i stall, osv.

På garden er det eit undervisnings- og møterom ; Stallloftet, som er laga til i 2. etasje i løa. Det ligg i nær tilknytning til Rytterkafeen i 1. etasje. Undervisningsrommet er godt utstyrt med fjernsyn/video, tavler og det som er påkrevd i moderne undervisning. Her har dei øktar med teoretisk undervisning i ulike former. I undervisningsopplegget har Kari Christensen også ei lærebok som støttar opp under det øvrige stoffet.



To stallar, Rytterkkafe og Stalloft for undervisning og møter er noko av det som er bygd opp i den gamle driftsbygninga her på hestegarden i Kro.

Ikkje alle tar prøve til rideknappen. Det er heilt frivillig og kan venta. Kari Christensen ser imidlertid at dette med å førebu seg til å ta knappen fenger ungane.

Tryggleiksaspektet

I og med at foreldra let dei unge vera på leir frå søndag til fredag, må dei vera sikre på at her er det trygt å vera. Både gjeld det den totale "pakken" som leiren representerer, og rideopplæringa spesielt. Det er ikkje ukjent at det kan skje ulykker i denne sporten, og tryggleik og opplæring i korleis ein skal omgåast hestar blir difor ekstra viktig. Difor blir tryggleik i omgang med hest sett i fokus både i den teoretiske og den praktiske opplæringa. I tillegg til den praktiske undervisninga og treninga, er det også ein film i undervisningsopplegget som legg mykje vekt på tryggleik. Slik blir dei unge fokusert på tryggleik i omgang med hest. Kari Christensen seier til Bygdabladet at foreldra er svært opptekne av dette, og ho føler at ho har fått formidla at denne delen er grunnlaget for heile opplegget.

Ikkje planlagd

Kari Christensen og Olav Larsen har hatt garden i Kro i 8 år. Kari fortel at ho alltid har hatt hest, og har utdanna seg for å instruera i riding. Ho har tatt hestefag ved Norsk hestesenter på Starum, og aktivitetsleiarkurs for barneidrettsleiarar i regi av Norges idrettsforbund. Konkurranseryttar har ho også vore.

Når det gjeld den utviklinga dei har hatt på garden i Kro, hadde ikkje eigarane tenkt seg at det skulle utvikla seg med så stor aktivitet som det har gjort. Dei har i alt 17 hestar, to stallar, utbygde fasilitetar for undervisning, møter etc. Olav er i fullt arbeid utanom garden, medan Kari har 50% stilling. Difor krev det stor innsats i fritida frå begge to. Kari seier at interessa er så stor at dei kunne hatt større aktivitet. Men slik arbeidsdagen deira nå er utanom garden, er det vanskeleg å bruka meir tid på hesteaktivitetane enn det dei gjer i dag.


Frå Bokn til Haugesund kommune

Reidar Alvestad

5 år i kommunen

1. november i år er det 5 år sidan Hans Erik Lundberg begynte som overingeniør i Bokn kommune. Han kom då frå ein stilling i teknisk etat i Karmøy kommune, som er den kommunen han bur i. Før det hadde han budd og jobba i teknisk etat i Utsira kommune. Praksisen har såleis vore variert frå små til større kommunar.

Hans Erik har her i kommunen hatt ansvar for planlegging og bygging i kommunal regi. Mange prosjekt er planlagde og ferdigstilte i denne perioden, som td Øyrenfeltet, ny veg over Boknaberg, Boknatunvegen, oppgradering av vassforsyninga og kommunalt vatn nord og sør på Austre Bokn, kloakkanlegg i Alvestadkroken, nærmiljøanlegg på Alvestad, ny barnehage, utbygging av skulen, ungdomsbustader og planlegging av nye omsorgsbustader. Dette har vore utført i tillegg til dei daglege oppgåvene med saksbehandling og løpande saker.



Hans Erik Lundberg ein av dei siste dagane på kontoret før han bytta arbeidsplass frå Bokn til Haugesund kommune.

Interessant tid på Bokn

Hans Erik Lundberg seier det er stor skilnad på å arbeida i ein stor kommune som Karmøy og i små kom-

munar som Utsira og Bokn. Arbeidsoppgåvene i småkommunar er meir varierte og famnar over eit mykje større spekter enn det som er vanleg i ein større kommune, kor ein vanlegvis har eit begrensa fagområde. Han seier at tida på Bokn har vore svært interessant på grunn av dei mange prosjekta som har vore gjennomførte denne tida. Dei viser godt att, og det er greitt å ha noko synleg å sjå tilbake på.

Han føler også at han har kome i kontakt med mange folk her i kommunen, både folk som har søkt om kommunale tenester og andre. Han seier det er viktig å forstå og ha respekt for vanlege folk sine ynskjernål det gjeld offentlege inngrep på deira område. Kommunen skal driva service, og ein må ha evnen til å setja seg inn i skjæren sin situasjon.



Hans Erik Lundberg fekk blommar ved avslutninga i Bokn kommune den 14.oktober.


Arbeidsmiljø

Hans Erik Lundberg har glidd lett inn i arbeidsmiljøet på Boknatun, og har ved det gode humøret sitt og gode replikkar sjølv bidratt vesentleg til å få det ennå betre. Både for jobben han har utført, og dei gode samarbeidsevneane han viste i forhold til kollegaer og kunder, kunne me tenkt oss at han hadde stoppa her lenger. Men arbeidvegen hans var 15 mil dagleg, og det er forståeleg at det kunne vera greitt både for han sjølv og familien å korta ned på kjøringa.

Kvinne tilsett i stillinga

Frå januar 2003 er ny person på plass i stillinga etter Hans Erik Lundberg. Ho heiter Unni W.W. Høivik og er opprinneleg frå Stavanger. Ho arbeider nå i Engerdal kommune. Ho er litt kjend på Bokn i og med at familien har hytte på Austre Bokn.


Skuletilbygget pr. 23.10.02



"Sperreskål" på klubbhuset til Bokn idrettslag

Jardar Havikbotn

18. oktober var det "sperreskål" på det nye klubbhuset på austsida av idrettsbanen. Véret var så flott at me kunne sitja ute og nyta kaka. Klubbhuset er også flott - og praktisk.



Nøgne i solsteika: fv. Rita Jensen (styreformann), Erik Våga, Marianne L. Alvestad (kasserar), Fred Grønnestad og Norvald Risdahl.


Med garderobar og treningsstudio

Enkelte har rynka på nasen over at det såg ut som om klubbhuset skulle vera utan garderobar. Dette er no forandra, og det blir slike rom med dusjar i kjellaren samt for dommaren i første etasje. Kjellaren vil også gi plass til både lagerrom og eit stort trimrom der det etter kvart vil koma treningsstudioartiklar, til glede for mange boknarar! Planane om ein skytebane i same rom blei skrinlagt.

Første etasje har kjøkken, kontor og tre toalett og eit stort forsamlingslokale. Huset er langt og både dette lokalet samt trimrommet i kjellaren blir solide rom. - Me snakkar om ca. 75m², og ei brei brannndør rett ut mot grasbanen gjer at mange får plass i dette rommet, fortel Erik entusiastisk. Rita skyt inn at lokalet kan brukast til alt muleg. Tida vil visa....

Dugnad


Alle slike prosjekt inneheld dugnadsarbeid, og det er gjort litt i grunnarbeidet. Men det er no det verkelege dugnadsarbeidet byrjar. BIL står sjølv for isolering og plating av veggjar samt pannelegging på taket.



Dei har jobba godt, dei tre snikkarane som kvar for seg er sjølvstendig næringsdrivande. I forrige Bygdablad presenterte me eit bilde av grunnmuren pr. 20. september. Det er i første rekke Fred Grønnestad og Norvald Risdahl som på under ein månad har gjort huset tett. Erik Våga er Idrettslaget (BIL) sin samarbeidspartnar i dette prosjektet og har stått for planlegging og tilrettelegging av bygget.

Det er hyggeleg for heile bygda at det etterlengta klubbhuset tar form. Når det flotte og praktiske huset i tillegg har storslått utsikt og ligg rett ved banen skulle alt vera perfekt.

Lykke til med det vidare arbeidet!



Etterlengta hus: Begge etasjane har plass til store rom med mange spennande aktivitetar i framtida.

KULTURKALENDEREN

- nye arrangement/forandringar blir utheva eller understreka kvar gong -

OKTOBER

- 25.: Kulturkveld på Bedehuset kl. 19.00 med temaet Elias Blix
25.-
27.: Troppstur for speidarar til Vigdarheim
27.: Gudsteneste kl. 11.00
27.: Bingo - arr. BIL
26.: Dans på skulen med Midtsambandet - arr. BIL
31.: Bokn Pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
31.: ALPHA kl. 19.00

NOVEMBER

- 03.: Gudsteneste kl. 19.00
05.: Opptakstfest for speidarar på Bokn Bedehus kl. 18.00
06.: Korpskveld for BRKH
07.: Soknerådsmøte kl. 19.00
07.: Salgsmesse, vevstova kl. 19.00 - arr. Bokn vevstove
08.: Møte ABR senteret kl. 19.30
09.-
10.: Musikkorpset, juniorkorpset har seminar på skulen
10.: Frelsesarméen har Familiemøte m/sundagsskulen på Bedehuset kl. 10.30
14.: ALPHA kl. 19.00
15.: Møte Israelsmisjonen kl. 19.30
16.: Auksjon på skulen - arr. Bokn musikkorps
17.: Gudsteneste kl. 11.00
18.: Årsmøte i BORK kl. 19.00 på Krovågen Hestesenter
20.: Korpskveld for BRKH
22.: Bedehusbasar kl. 19.30
23.: Privat arr. i gymsalen
24.: Bokn sundagsskule på Bedehuset kl. 10.30
24.: Julebingo - arr. Bokn musikkorps
25.: Årsmøte i Bokn Båttforening kl. 20.00 i Allrommet
28.: Bokn Pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
28.: ALPHA 19.00
29.: "Vi over 50" på Sjøhuset i Alvestadkroken kl. 20.00

DESEMBER

- 01.: Tenning av julegrana på skulen og Boknatun - arr. Røde Kors og Musikkorpset
01.: Lysmesse i kyrkja med speidarprosesjon
03.: Juleavslutning for speidarar, ulv og meis på skulen, kl. 18.00 - 21.00

- 04.: Korpskveld for BRKH
05.: ALPHA kl. 19.00
07.: Nissmarsj - arr. BIL/kulturkontoret
08.: Bokn sundagsskule på Bedehuset kl. 10.30
08.: Jul i stallen kl. 16.00, Krovågen Hestesenter
08.: Luciafest - arr. Bokn musikkorps
12.: Soknerådsmøte 19.00
15.: Gudsteneste kl. 11.00
18.: Juleavslutning med graut, Røde Kors
19.-
24.: Sal og utkøyring av juletre - arr. BRKH
22.: Juletreffest på Bedehuset kl. 15.00 -arr. Bokn sundagsskule
24.: Gudsteneste kl. 14.30
26.: Gudsteneste kl. 11.00
27.: Romjulsfest på Are
28.: Romjulsdans på skulen - arr. BIL og Bokn Røde Kors
29.: Juletreffest kl. 15.00
31.: Gudsteneste kl. 16.00


Korprosjekt, blandakor

Har du lyst til å vera med å synga på ein julekonsert i kyrkja 13. desember?

Ta kontakt innan 5. nov. med kulturkontoret.

GYMSALTMEPLAN, KVELD

DAG	AKTIVITET	KL.	ANSVARLEG
Måndag	Fotball 11-12 år Bokn Musikkorps	16.30 - 18.00 20.00 - 22.00	Gunnar Bokneberg Lillian Grønnestad
Tysdag	Barnetrim Fotball, A-lag Aerobic	16.15 - 17.00 19.00 - 21.00 21.00 - 22.00	Anne Faye og Rannveig Foss Kjetil Hamre June Kro
Onsdag	Fotball 7-8 år Badminton "Linedance" i partalveker	17.00 - 18.00 18.00 - 19.30 20.00 - 22.00	Jan Kristian Jøsang Bufellesskapa i Bokn Marianne Lie Alvestad
Torsdag	Bokn Musikkorps (inkl. kjøkken og musikkrom) Volleyball, vaksne	17.00 - 19.00 20.00 - 22.00	Lillian Grønnestad Atle Jøsang
Fredag	Badminton Fotball, A-lag	17.30 - 19.00 19.00 - 21.00	Bufellesskapa i Bokn Kjetil Hamre



VELKOMMEN TIL BIBLIOTEKET

OPNINGSTIDER:

TIRSDAG 10.00 – 13.30

ONSDAG 16.00 – 19.00


TORSdag 10.00 – 13.30

TLF. 52 75 25 45

E-POST: lognoey@bokn.kommune.no

Søk i katalogen www.bokn.folkebibl.no

LESETIPS



Brynjar Stautland:

FRÅ KLONDYKE TIL KATASTROFE

VESTLANDSK SILDEFISKE PÅ ISLAND

Boka fortel om ein av dei viktigaste epokane nokon gong på vestlandskysten, frå Ålesund til Haugesund, og formidlar såleis nær og viktig lokalhistorie. Landnotfiske etter sild skapte på 1800-talet den første gullalderen i norsk samfunnsutvikling. I 1870-åra kom ikkje silde lenger til land, men rykta byrja å gå om enorme sildestimar ved Island sommarstid, og dei norske fiskarane valfarta dit.

Det norske sildefisket ved Island var ein kamp om enorme verdiar. Det er ei historie om legendariske basar, enorme fortener og større tap, om umenneskeleg slit både av kvinner og menn, fuktige helgedagar i Islandske sildebyar og dramatiske overfartar over Nordsjøen med fullasta skuter.

Det er ei historie om dristighet og vågemot, men og om ei teknologisk utvikling som gjekk langt raskare enn tillegninga av kunnskap om forsvarleg utnytting av denne enorme matressursen.

Eventyret enda med ein økologisk katastrofe i 1970.

LÅN TIDSSKRIFTER PÅ BIBLIOTEKET

BONYTT
BÅTMAGASINET
FAMILIEN
FORBRUKERRAPPORTEN
FORELDREMAGASINET
FORELDRE & BARN
HAGEN FOR ALLE
I FORM
ILLUSTRERT VITENSKAP
INGELISE—ALT OM HÅNDARBEID
KUNST FOR ALLE
NORSK HAGETIDEND
NORSK HUSFLID
PRAKTISK BÅTLIV
REIS
REISER OG FERIE
SEILAS

TIDSSKRIFTA KAN DU LÅNA I 2 VEKER!

**Forleng lånetiden
selv og få meldinger
som e-post!**

Se etter:





Kjære lesar!

Med tanke på at Boknadialekten er i forandring stilde eg forrige gong spørsmålsteikn om kommunen på sikt bør innføra bokmål som skriftsmål. Eg provoserte bevisst for å starta ein sakleg debatt, og setningen min om at det på sikt blei "heilt naturleg at heile Haugalandet går over til bokmål som skriftsmål" drog heile regionen inn i debatten. Det er hyggeleg at både Radio 102, Radio Haugaland, NRK-Rogaland og Haugesunds Avis har engasjert seg. Eit slikt tema rører ved kjenslene til folk og alle har ei meining om det. Interessant er det også for meg å lesa korleis folk tolkar utsegna mine. Det er eigentleg uinteressant for debatten å analysa kva eg som redaktør og kultursjef seier om temaet. Eg ser det som mi oppgåve å peika på utviklinga og starta debatten med å setta ting på spissen.

Diskusjonane har gått rundt om i heimane og på ulike møteplassar. Nokon skriv også ned tankane sine og sørgar for at den skriftlege debatten går vidare i bladet. Ekstra morosamt er det også at innlegga denne gong er på både bokmål, nynorsk og dialekt. Eg minner igjen om at ordet er fritt i Bygdabladet, på det skriftspråket som passar deg best. Og ynskjer du å vera anonym så fiksar me det også.

Innspeila i dag står i den rekkefølga dei kom inn til undertekna.

- redaktøren -

Bokmål eller Boknamål?

Av Birger Lindanger

På rygg for Oslo?

Ein artikkel i førre Bygdablad slår fast at bymålet og bokmålet er i ferd med å ta kvelartak på dialektar og nynorsk. Korfor ikkje leggja seg på rygg for sentrumskulturen fyrst som sist? Tida er runnen ut både for boknamålet og nynorsken i Bokn. Dialekten er på veg ut, på sikt er det "heilt naturleg at heile Haugalandet går over til bokmålet som skriftsmål" meiner artikkelen vidare. Her gjeld det for dialekt og målform "om realisme og ei effektiv og naturleg utvikling". Sentralisering og fusjonering er andre ord som kunne vore bruka her.

Slik er det nå: sentrum tek alt. Alt skal styrast frå hovudstaden: næringslivet, politikken, pengane, kunsten, tankane og viktigast av alt: språket vårt. Me blir hjernevaska av massemedia til å tru at oslo- og bykulturen er det einaste rette og at dette også er våre tankar og språk. Det me sjølv har med heimanfrå, må me gløyma snarast råd! Det er eit hinder for effektivisering og einsretting, bort med det!!

Boknamålet – ein nasjonal skatt!

Men er det naturleg for alle haugalendingar å gå over til bokmål? Det skulle vel ikkje vera massemedia og hovudstadsmakta som pressar dette på oss? Lyttar me, høyrer me straks at haugalandsdialektane er gjennomsyra av nynorsk. Då må me spør oss: er ikkje eit skriftmål bygd på talemålet vårt betre eigna til å uttrykka oss på enn bokmål utvikla frå eit fram-mant språk? Er det ikkje naturleg at skriftmålet ligg

så nært talemålet som råd?

Står språket vårt for hogg? Språket som er kjernen i all vår kultur, som skapar oss, gjer oss forstått og til folk? Tanken vår er dialekt. Skal me la andre få del i han, vel me den målforma som står tanken nærast. Skal me gå om det fjernare bokmålet, mistar me noko på vegen! I skrift må me sjølv sagt normalisera. Men avstanden mellom tankemål, skriftmål og tunge-mål bør vera kortast råd. Elles er språket – dialekten – den kulturelle kjernen vår. Hegnar me om dialekten, t.d. ved å bruka nynorsken som skriftmål, hegnar me om det mest verdfulle i oss sjølv. Mistar me respekten for eige språk, mistar me også sjølvrespekten.

Å ta vare på dialekten er ikkje ei utfordring bare for boknarane. Mangfaldet av dialektar skapar også nasjonal rikdom, det er ei utøymeleg språkleg skatt-kiste som mange land kan misunna oss. Kor mykje fattigare ville me ikkje bli om alle tala frognerdialekt og skreiv riksmål. Frognermål er bra for frognerfolk – men ikkje for boknarane. Er det for dyrt å ha to skriftmål? La oss snu på det: tenk kor mykje rikare dette gjer oss alle og den norske kulturen. Forresten hadde me ikkje fått mange vegstubbar for prisen på to målformer.

Å vera sau – eit argument for bokmålet?

I artikkelen manglar grunngjeving for *korfor* me skal leggja oss flate for bok- og bymål. Argumentet er at

når andre gjer det, må me òg. Eg hadde nær sagt: skal me drukna oss om bikkja til presten gjer det? Skal me følgja saueflokket utfor stupet fordi alle andre gjer det? Eller skal me stoppa opp og spør oss: Er sentralisering og effektivisering viktigare enn tanken og språket vårt? Viss ikkje, la oss slåst for språket vårt og for å kunna vera oss sjølv.

Dialekten er ein viktig del av oss sjølv og eigenarten vår og ei motvekt mot eit mest uimotståeleg trykk ikkje bare frå oslokulturen, men òg frå den globale, engelsk-amerikanske kulturen. Ungdommen vår treng støtte i kampen dei møter i den vidaregåande skulen med alt for få og dyre lærebøker på nynorsk, og med ein språkleg einsrettande skule og nedlatande byungdom med dialektforakt. Vårt eige språk må forståast,

respekterast, vernast og forsvarast. Me tek vare på det i respekt for oss sjølv, for dei som har skapt oss og for det nasjonale mangfaldet. Bokmål i haugesunds-dialekten? Lat oss ikkje bli narra av "pene" haugesundarar til å tru at deira "jei" og "ikke" er meir verdt enn vårt "eg" og "ikkje"!

Kvifor er nynorskelevar så flinke?

Artikkelen dreg fram Utsira som eit godt eksempel

på koss det kan gjerast. Der har dei innført bokmål i skulen trass i ein svært klar nynorskdialekt. La oss då hugsa skulestatistikken frå førre Bygdablad: medan avgangskarakterane i grunnskulen i Bokn ragar mellom dei aller beste i landet, ligg Utsira på botn. Slik sett ser det ikkje ut til at siraborna har hatt særleg hjelp av bokmålet.

Andre undersøkingar viser elles at nynorskbrukande elevar i det heile og gjennomgåande har noko betre karakterar enn bokmåselevar. Ei årsak er at avstanden mellom tanke og papir og tanke og tale er mykje kortare med nynorsk enn bokmål. Ei anna undersøking, ein omfattande doktorgradsavhandling frå Trondheim for nokre år sidan – viste at dysleksiprosenten i skulen auka med avstanden mellom talemål og skriftmål!

Difor utfordrar eg alle boknarar og andre dialektbrukarar: hegn og slåst for arven dykkar. Etterkomarane våre skal ikkje få seia at me selde språket utan sverdslag sjølv mot ein overmektig bykultur med massemedia og pengar i ryggen. La Bygdabladet bli eit våpen i kampen for det beste i boknakulturen. Gjev ungdommen tru på eigen kultur og språk – på seg sjølv!



Språket i Bokn

Av Trond Vatnaland

Hører på bygda at dette er noe alle har en mening om, men det blir vel med dette som mye annet: "Di får ordna det, dei andre".

Har hengt meg opp i det jeg kaller "babyspråket". Som Jardar Havikbotn var inne på i Bygdabladet nr. 7, var det ungene som lagde slike lyder når tunga ikke ville samarbeide. Foreldre på Bokn rettet ungene noen hundre ganger, "det hette kjole, ikkje sjole", og til slutt, når de fleste tennene var på plass, greide ungene å gi tungen den rette krøllen.

Nå er det tydeligvis en del både unge og voksne som er lammet i denne muskelen.

Det er klart at alt var enklere før Bokn blei fast i land, for då kom det "allslags blanding" inn i språket her. Når en leser Haugesunds Avis skulle en tro det bare var Jardar Havikbotn som bryr seg om dette, andre sier lite for husfreden eller avviser det hele som uaktuelt.

Men selv for lenge siden, når Gullhøna gikk til Korpervik, hadde vi diskusjoner om språket på Bokn. Det var en gledens dag for mange når vi startet på

videregående og slapp nynorsk.

Er fullstendig klar over at vi på Bokn ikke snakker "pent bokmål", men det er, for de fleste, det mest naturlige å skrive og lese.

Det er for meg en hel del ord i nynorsken som kanskje er stilige fra en kunstners synspunkt, men som vanlige folk må ha ordbok for å forstå. I denne fasen av diskusjonen kommer ofte argumentet: Det er jo så mange ord som er valgfri, en trenger ikke bruke de mest "ekstremt nynorske".

Hvorfor skal vi i Norge, med et innbyggertall som en halvstor by i Europa, ha bokmål, nynorsk og samisk som likestilte språk, når en i tillegg må ha mange felles ord for å gjøre det forståelig?

I dag er det for eksempel like enkelt å kommunisere, fra den datamaskinen jeg skriver dette på, med en i Japan som en i Bokn. Kanskje burde vi satse på engelsk eller esperanto?

NB: Komme fremdeles te å sei: "eda hima, arbia i båden, sedda gaden, drida på draget og snofla i trosskålen".

Valgfritt eller tradisjon?

Av Grete Iren Drilen Jøsang

Æ vil med ein gong sei at æ støtte Jardar si meining om at Bokn bør gå over te bokmål som skriftspråk. Sjøl om det e ein tradisjon at Bokn skriv nynorsk, meine æ at det går ann å gjørre ein vri på dein tradisjon.

Egentlig så e det vel itj mæ som trønder og innfløtter te Bokn som skoilla ha skreve det herre her. Det skoilla ha vorre ein av dem Bokneran som veit at det itj skoill ha vore to skriftspråk.

Ferr dæm som ha gått 9 års skolegang på Bokn med nynorsk, kjæm te byn og ska gå vidaregående. Ok, dæm får + for at dæm væle nynorsk, men det skli ut fort. Ka som skjer? Jo, det ska æ fortæl dokk. Dæm bynne å blainn. Det kan vel ein og kvar forstå koss rot det bli. Nokka på nynorsk og nokka på bokmål. Da syns æ at det e dåli norsk, og det e vel det som skjer.

Bokneran bli dåli i norsk når dæm bynne i vidaregående. Men tradisjon e vel fremdeles tradisjon. Sjøl om dokk over 60 går inn for at det ska værra nynorsk på grunn av tradisjon, så syns itj æ dokk kan få uttal dokk ein gong. Ferr æ syns vi ska tænk på ongan. Det e jo dæm det gjeld det her.

Æ vil itj at ongan vårres ska få problem med norsk når dæm bynne på vidaregående.

Ein annan teng, æ syns at vi kainn få væl skriftspråk når ongan vårres bynne på skolen, da bli det nok mest bokmål på Bokn og. Synd ferr dokk, men la ongan og foreldran te dæm som ska bynn på skolen væl sjøl med ein gong. Itj vent te i åttende klasse. Da skriv jo ongan nynorsk. Da synes vell fleir med mæ at da e det jo itj nå valg. Da har kommun vært ferr dæm.

Hovudstaden som foraktar sitt eige land

Av Birger Lindanger

I ein artikkel i førre Bygdablad blei spørsmålet reist om me på Haugalandet ikkje fyrst som sist burde leggja oss flate for bok- og oslomålet. Det er då fristande å kommentera med nokre sitat frå artikkelen "Oslo og den provinsielle sjølvforakta" av professor Øystein Rian. Den tek nett opp koss Oslo-kulturen er i ferd med å valda landet.

Mellom anna hevdar han at arven frå det danske eineveldet har overlevd som styringsideal i hovudstaden. Det botnar i ein manglande tillit til folket og "stimulert av Oslo-media, som krev at sentralstyresmaktene må gripa inn i stort og smått overalt i landet. Men djupare sett er Oslo hovudstaden som foraktar sitt eige land."

Mellom anna går det ut over norsk musikk "Statskanalen NRK driv frå sine sentrale Oslo-kontor ein rein utryddingskrig mot norsk song", medan det utanlandske - særleg svensken - får rå grunnen.

"Lågpanna, tann- og kulturlause bønder?"


"Oslo er dobbelt provinsielle; Byen kjenner seg for god til å vere norsk hovudstad - og for dårleg til å kunne hevde seg i forhold til dei gamle europeiske hovudstadene." Dette medan hovudstader som Stockholm og København er stolte av å vere svensk og dansk.

"Det verste med Oslo-provinisalismen er at den i seinare år har smitta over på resten av landet, slik at

nordmennene er i ferd med å bli eit usikkert og rotlaust folk. Folk utanfor Oslo speglar seg i den f orakten deira kultur blir møtt med i kule hovudstadskafear. Snart trur dei at karikaturane av lågpanna, tann- og kulturlause bønder er sanne! Sjølvforakta spreier seg som ringar i vatnet, den er sjølvoppyllande og destruktiv. Kven klarer å reise nye motkulturelle rørsler mot denne elendigheita?" spør Rian seg. Kjem Oslo ein dag ut av puberteten sin? Eller må kreftene til ein norsk kulturrennesanse hentast utanfor Oslo, spør han seg til sist.

Kanskje finst nokre av desse kreftene også på Bokn?

(Artikkelen til professoren stod i "Dag og Tid" 12.10.02)



Spørjande tankar

Etter å ha lese ulike innspel i både dette bladet og Haugesunds Avis er det naturleg å spørja seg om fylgjande:

- Kan ikkje ein som er stolt av dialekta si gå inn for bokmål skriftspråk?
- Er det meir naturleg med dialekt og nynorsk enn med dialekt og bokmål?
- Kva er ein bokmålsdialekt?
- Er boknamålet det same som nynorsk?
- Kvifor er det naturleg for dei fleste boknarar å skriva og lesa bokmål?
- Kvifor vil boknarane få lese- og skrivevanskar (dysleksi) og dårlegare karakterer dersom kommunen skiftar til bokmål?
- Forsvarar med dialekten vår betre med å skriva nynorsk enn bokmål?
- Skal Bokn skriva nynorsk fordi det er ein tradisjon?
- Kan ikkje dei som skriv bokmål snakka dialekt?
- Skriv gjennomsnittsboknaren ei blanding av nynorsk, bokmål og dialekt p.g.a. nynorsk hovudmål?
- Står nynorsk sterkt i Bokn?

- Meiner alle boknarar over 60 at nynorsk er tradisjon?
- Kvifor skriv dei bokmål i Haugesund?
- Er folk som bur i byen dialekthatarar?
- Er det å innføra bokmål i Bokn det same som å leggja seg på rygg for Oslo?
- Er det berre i Oslo dei har språkkultur?
- Får boknarane problem med norsk ved overgang til vidaregåande skule?
- Kvifor går dei fleste boknarar som byrjar på vidaregåande skule over til bokmål som hovudmål?
- Er det vanskelegare å skriva nynorsk enn bokmål?
- Kvifor har me fleire likestilte skriftspråk i landet?
- Dersom "babyspråket" (kj - sj) sprer seg til store delar av landet, må då stavemåten på slike ord forandrast?
- Kva er forskjellen på radikalt nynorsk og radikalt bokmål viss ein ser bort frå eg-ikkje/jeg-ikke, samsvarsbøyning, genitiv S og setningsoppbygning?
- Gjer Bokn seg anonym ved å innføra bokmål?

Du er velkommen til å vera med i debatten!

- redaktøren -



ORDET FRITT



Åpent brev til ordføreren

Hva er det som skjer?

Mange ungdommer på Bokn lurar på hva som skjer. I høstferien skulle Lanux ha datatreff i gymsalen og vi hadde gledet oss til dette. Vi skulle få internettilkobling med stor hastighet siden det går fiberkabel opp fra serveren på Boknatun og opp til skolen, noe vi har brukt før.



Innsender Vegar Våge (18) og mange andre boknaungdommar lurar på hva som skjer.

En slik kobling er veldig viktig for at interessen hos klubbmedlemmene skal holde seg oppe.

Kommunen kunne ikke hjelpe oss denne gangen og vi ble veldig skuffet. Noen av oss hadde tilbud om datatreff i andre kommuner, men vi ville gjerne

ha det selv. Så fikk vi tilbud om å ha treff på Haugarhuset i Haugesund

fra torsdag til lørdag i høstferien. Øyvind Børgesen lagde nettverket og vi hadde kjempe-linjer hele tida. Det var bare så synd at vi bare var 7 stk., for de fleste i klubben fikk ikke lov hjemmefra eller ikke gadd å reise til byen for å ha et treff vi burde hatt på Bokn. Dessuten fikk Lanux et underskudd fordi det kostet 3000 kr. for leie av lokalet.

Petra har savnet noen aktiviteter i høst fordi ingen kan med det utstyret. Vi hadde det så kult i vår.

Vi trodde at kommunen satset på ungdommen. Er ikke målet å få oss til å være på Bokn og ha det så kjekt her at vi får lyst til å flytte tilbake senere i livet? Vi trenger hjelp for at gode fritids-tilbud ikke skal forsvinne. Hvorfor har kommunen tatt fra oss denne hjelpen?


På vegne av boknaungdommen

Vegar Våge


Vedlikehald av sjøhusmiljøa

Reidar Alvstad

Alvestadkroken april 2002. Ennå eit sjøhus i denne rekka er fiksa opp og redda frå forfall. Det er nå ingen av desse sjøhusa som er i fare for å ramla ned.



Dette er eit av dei eldste sjøhusa i Alvestadkroken kor det nettopp er kome ny kledning og tak. Takpannene er tatt av, og lagt tilbake på det nye taket.



Dette er det siste sjøhuset mot Boknasundet i Alvestadkroken som er fullstendig istandsett.

Alvestadkroken

Bygdabladet har i tidlegare artiklar tatt opp temaet byggeskikk og ivaretaking av eldre hus og sjøhus. Det har vore ei utvikling rundt i kommunen kor ein del eldre sjøhus har blitt dårleg vedlikehaldne, og til slutt ramla ned. Dette er synd, for det treng ikkje vera så veldig kostbart å halda dei ved like. I tillegg mister ein verdifulle bygningar som både kulturhistorisk og elles kan ha ei historie å fortelja om korleis folk levde før.

Alvestadkroken har vore ein av dei stadene i kommunen som har hatt flest sjøhus samla på eitt område. Her har mange av sjøhusa vore litt større enn elles, mykje på grunn av at eigarane har hatt til dels store bruk med behov for stor lagringsplass for fiskeutstyr mv.

For ein del år sidan var nokre av desse sjøhusa i dårlegare stand, men nå har det vore ein del aktivitet kor dei fleste er fiksa opp.



**Det blir årsmøte i Bokn
Båtforening mandag 25.
november kl. 20.00 i Allrommet
på Boknatun.**

Saksliste

- Valg av ordstyrer og referent
- Årsmelding fra styret
- Regnskap
- Godkjenning av takster
- Forslag til aktiviteter for kommende år
- Innkomne forslag
- Budsjett
- Valg av styre
- Eventuelt

Innkomne forslag må være styret i hende 14 dager før årsmøtet.

Styret

Det har kommet en del henvendelser om kurser, og vi ønsker derfor å kartlegge interessen for dette. (For eksempel Båtførerprøven, VHF-sertifikat, etc.) Ta kontakt, så kanskje vi kan kjøre kurser allerede til vinteren.

Espen Alvestad tlf. 90 01 59 21
Terje Alvestad tlf. 92 08 00 49



HELSESEKSJONEN
INFORMERER



Influensavaksinen 2002

Prisen i år er kr. 110,- for dei som er i risiko-gruppene. Andre som ynskjer vaksinen må kontakta sin fastlege som skriv ut resept på denne. Vi startar vaksininga i månadsnittet oktober/november. Vaksininga vil foregå på legekontoret (mandag og torsdag) mellom kl. 12.00 og 14.00.

Bestilling av legetimar

I forkant av sommaren orienterte vi i Bokn Bygdeblad om endring av tider for bestilling av besøk hos legen. På grunn av nytt datasystem ynskete vi bestilling av timar berre mandag og torsdag. Denne ordninga har vi fått mange negative reaksjonar på, og no har vi "tatt til vett" - du kan bestilla timar via sjukestova som før. Kan vi ha fordelar av å bo i ein liten kommune, skal vi og halda på dei...

Fastlegeordninga

Vi vil igjen minna om at ein sjøl må ta initiativ til å få bytta fastlege om det ikkje vart riktig ved fordelinga første gongen - da slepp du å bli stilt langt bak i køen når du treng hjelp - samtidig som det styrkar kommunen sin økonomi.

På leit

Eg sitte her aleina og vente på ei fjøl
Hu drive ront på havet og seile for seg sjøl
Eg håbe hu ska komma te mi trygge havn
Og drømme heile dagen men hav er meir enn vann

Eg ser mot horisonten dår er fjøler nok å se
Og har vel faktisk innsett at det holde 'kje å be
Så nå drar eg eg ut med båten og trosse strøm og vind
For uannsett så får eg ett kjærtegn mot mitt kinn

Kanskje vil eg finna ei anna trygg havn
Uansett så vil det letta på mitt indre savn
Og håve mitt får kvila og roen siga på
Då kan lykken voksa og himmelen bli blå

Så nå sitt'eg ikkje stille men har gått ut på jakt
Men livet kan bli ille viss du ikkje er på vakt
Det er møye fisk i sjøen men få damer på ei fjøl
Eg lar sjebnen fortsatt leda men tar kontrollen på meg sjøl

Så viss du ikkje ser na på det blåa hav
Kan du sleng ut snøret eller leita etter rav
Moralen den er enkel du må ha ei trygge havn
Sjølv om du er ei kvinna eller er ein mann

Kjetil Hamre

Mandag, - onsdag - torsdag
09.00 - 17.00

COOP BOKN

Tirsdag - fredag 09.00 - 18.00
lørdag 09.00 - 14.00

- Dagligvarer
- Bensin—Diesel
- Medisinutsalg
- Driftsmidler
- Postfilial
- Bank i butikk



coop
marked



BJØRN LINDANGER



Alt i Graving og Transport

Rennesøy, Tlf.: 51 72 36 15 - Mob.: 946 72 848

- Me utfører alt innen graving og transport.
 - Me formidler båring og skyting.
 - Maskiner fra 1,5 tonn til 21,0 tonn 3 stk
 - Levering av røyr og kummer.
- dumperbiler.



A. OLUFSEN SKIPSSERVICE A.S

AVD. BOKN

Tlf. 52 74 84 60 – Mob. 98 20 90 28

VI UTFØRER ALT INNEN: STÅL · ALUM. · RUSTFRITT · RØR-
ARBEID · MASKINARBEID · HYDR. · TESTING, SERTI-
FISERING AV KRANER · LASTE, LOSSEUTSTYR PÅ SKIP

52 75 25 00	Sentralbord		postmottak@bokn.kommune.no
52 75 25 01 98 22 15 01	Rådmann	Jan Erik Nygaard	jnygaard@bokn.kommune.no
52 75 25 02 98 22 15 02	Økonomisjef/personalansvarleg	Solrunn Alvestad	soa@bokn.kommune.no
52 75 25 03 91 35 40 82	Ordfører Tysdag – ring på førehand	Svein Ove Alvestad	svein@bokn.kommune.no
52 75 25 04 98 22 15 04	Seksjonssjef sosial	Reidar Alvestad	ralvestad@bokn.kommune.no
52 75 25 05 98 22 15 05	Seksjonssjef teknisk	Hans Faye	hfaye@bokn.kommune.no
52 75 25 07	Økonomiavdelinga, rekneskap og løn	Leni Mannes	lem@bokn.kommune.no
52 75 25 09 99 53 19 35	Økonomiavdelinga, skatt og fakturering	Lindy Haram	lharam@bokn.kommune.no
52 75 25 08 98 22 15 08	Seksjonssjef kultur	Jardar Havikbotn	jhavikbotn@bokn.kommune.no
52 75 25 10	Seksjonssjef servicetorg	Gro Sørensen	gsorensen@bokn.kommune.no
52 75 25 12 93 04 89 76	Barne- og ungdomsarbeidar <u>Fredag</u> 08.00 - 13.00 i partalsveker	Ann Kristin Grønnestad	agroennestad@bokn.kommune.no
52 75 25 15	Telefaks Boknatun		
52 75 25 16	Pleie- og omsorgssjef	Anny Kallekødt	
52 75 25 30	Bokn sjukestove		
52 74 85 22	Legevaktssentralen		
52 75 25 34 98 22 15 03	Seksjonssjef helse	Gunn Grønnestad	ggroennestad@bokn.kommune.no
52 75 25 36	Psykiatrisk sjukepleiar Tysdag/onsdag 08.00 – 15.00	Miriam Berland	
52 75 25 40	Legekontor	Mandag og torsdag	
52 75 25 43	Open helsestasjon torsd. 08.30 - 11.30 Tysdag etter avtale	Rita Førland	
52 75 25 45	Bokn Folkebibliotek	Linda Ognøy	lognoey@bokn.kommune.no
52 75 25 47 93 41 54 40	Kyrkjeverge Tysdag/torsdag 08.30 – 15.30	Svanhild Alvestad	svalves@frisurf.no
52 75 25 50 98 22 15 10	Seksjonssjef skule	Dag Halvorsen	dhalvorsen@bokn.kommune.no
52 75 25 51 98 22 15 11	Rektor	Ingjerd Ellingsen	iellingsen@bokn.kommune.no
98 22 15 09	Barnevernleiar Tysdag, og etter avtale	Eva Moi	eeikje@robin.no
52 75 25 65 (66)	Skulefritidsordning	Ranveig Nygaard	rnygaard@bokn.kommune.no
52 75 25 67	Telefaks skulen		
52 75 25 69	Forkontor, skulen	Norunn Jordbrekk	njordbrekk@bokn.kommune.no
52 75 25 70 98 22 15 12	Seksjonssjef barnehage	Jarle Haakonseth	jhaakonseth@bokn.kommune.no
52 75 25 80	Tannlegekontor torsdag og fredag	Anita Knutsen	



BOKN KOMMUNE
5561 BOKN

Støttekontakt

Barneverntenesta ynskjer kontakt med nokon som kunne tenke seg å bruke nokre timar pr. veke som støttekontakt for barn/ungdom i Bokn.

Barneverntenesta har også behov for avlastingsfamiliar. Opplæring og oppfølging vil bli gitt frå barneverntenesta.

Løn etter KS sine satsar.

Interesserte kan ta kontakt med barnevernleiar Eva Moi på tlf. 98 22 15 09

Auksjonen

Bokn Musikkorps minner om den store haustauksjonen 16.11, der også leikehytta som står ved Alvestadkroken Landhandel skal trekkast.

Har du noko å bidra med kan dette leverast fortløpande.

Ta kontakt med
Dagny Kjellesvik, 52 74 86 41



Barneforsikring
skal være som
småbarnsfedre
- Nesten overbeskyttende

Barna er det viktigste her i livet. Det at det kan skje barna noe, er noe av det verste du kan tenke deg. Vi er flinke til å forsikre både hus og bil, men barna er lett å glemme. Dette kan du gjøre noe med! Barneforsikring gir en ekstra trygghet hvis noe uforutsett skulle skje. Vi er opptatt av at du skal ha de forsikringene du trenger!

SR-Bank Bokn har alle typer forsikringer

Ta kontakt med oss på telefon 52748221, så forteller vi deg mer om hvorfor det er viktig å forsikre deg selv og de du er glad i!

Kjøp barneforsikring av noen som kjenner deg.

SpareBank 1
Barneforsikring

Leilighet til leie i Føresvik

Sokkelleilighet med livsløpsstandard, ca. 80 m².

Stue/kjøkken, to soverom, bad/vaskerom, bod og gang.

Kort veg til skole, barnehage, kommunesenter og butikk.

Umøblert/delvis møblert. Kr. 2.800,-/mnd.

Kontakt May Jorunn eller Trond Vatnaland, telefon 52 74 86 48 eller 90 69 43 50.

Innflytterfest

Du som ikke er boknar er velkommen til innflytterfest på Sjøhuset i Alvestadkroken
fredag 22. november kl. 20.00

Det blir mat/musikk - Inngangspenger

Påmelding innen fredag 15. november

Ring til

Marit Øvrebø 52 74 83 14/52 74 85 75

Siv Overå 52 74 81 47/45 22 93 68

Høst

*Sommeren har listet seg så stille på tå
nå er den borte og høsten siger på
kaldere i lufta og med klarere smak
fuglene de samles til felles vingeslag*

*Jeg har lagt meg stille ned under et stort tre
løvet skifter farge men vil ikke falle ned
solens stråler leker seg mellom løv og grener
en bris hvisker svakt et teater skifter scener*

*Fra fjellets topp er sikten lenger nå enn før
når solen søker havet er det skyene som blør
himmelen blir blå-sort og stjerner titter frem
lufta biter kaldere og jeg rusler sakte hjem*

*Her krøller jeg meg sammen med kakao i ett stort krus
tenner på i peisen det er godt å være innomhus
vinden øker på jeg hører sterke bølgeslag
høsten banker på og varsler storvask neste dag*

Kjetil Hamre



Etterlysing

**Me treng volley-
ball-trenar til
ungdommane.**

52 74 84 79

99 70 74 28

Nina Solberg og Sigbjørn
Flørli:

Vi ble stolte foreldre til vår
nydelige gutt, Sigurd André,
20. september.



Bygdabladet gratulerer!

**Brukt biljardbord og bordtennisbord
på Kyrkjebygd kulturhus**

Interessert i dette? Ta kontakt med kulturkontoret.

**Bruk refleks i
haustmørket. Me
har ingen å mista!**

Brukt buesalong

i skinn til salgs,
Tlf. 52 74 86 84

Kombisykkel

ønskes kjøpt
Tlf: 52 74 86 31/52 74 83 25
Tommy Øvrebo

Bygdeservise

Nytt bygdeservislag for Bokn og søre delen av Tysvær vil bli vurdert oppretta.


Interesserte blir med dette invitert til orienteringsmøte på Boknatun tors. 07.11.02 (allrommet)

Bjørn Bruaset


17 fot robåt i tre

med påhengsmotor til salgs
Tlf. 51 69 60 96 - 91 35 89 28

Kjenner du igjen noko av dette?




Øyredobb funne ved skulen i vår.




Barnesko, Casual funne på "Boknacabana", Alvestad nærmiljø anlegg i sommar.

Me har også ei lommebok med pengar i som blei funne i bussen etter Søndalskulane sin tur til Moster 14. april.

Du kan få tinga att på kulturkontoret.




Påkøyrd smykke funne på P-plassen utafor Biblioteket 16. oktober kl. 12.55 (med laus stein)



Arskroen kafé & selskapslokale

Vi leverer smørbrød/kaker til enhver anledning.

Selskapslokaler til leie, ta kontakt for tilbud.



*Søndagsmiddag
hver søndag.*

*Har du spørsmål,
kontakt Lars-Jacob 99 03 70 32*

Spar strøm

Nå "lover" strømlleverandørene dyrere strøm!

Kjøp varmpumpe og spar 50-70% av fyringsutgiftene.

På kjøpet får du filtrert luften inne og kjøling om sommeren.

Energi & Komfort

Tlf. 52 74 82 75

E-mail : jovatnal@online.no

Trond Vatnaland

Tlf. privat 52 74 86 48 / 90 69 43 50

Salgsmesse

Vevkjerringane har salgsmesse på vevsova torsdag 7. nov. kl. 19.00.

Salg av vevde ting og anna handarbeid, kaffe og heimabakt.

Velkommen!

Har du lyst å begynne å veve?

Me har mange vever og plass til fleire interesserte.

Me held til i 3. etasje i kyrkjebygd kulturhus kvar torsdag fra kl. 19.00 og utover.

Kontakt ei av vevkjerringane.

BOKN FYSIOTERAPI

Tysdag og onsdag og helgene i partalveker.

Direktenr. 52 75 25 33. Ta kontakt for avtale.

Geir Austvik - fysioterapeut

FOTTERAPI

Kvar onsdag på legekontolet kl. 09.00 – 14.00

Første onsdagen i kvar mnd. kl. 15.00 - 18.30

For påmelding, tlf. 52 74 84 79

Rita Jensen - fotterapeut

TRYGDEKONTORET

Kontortid kl. 9.00 – 14.30

Telefontid kl. 8.00 – 15.30

Tlf. 52 75 21 50 - Fax. 52 75 21 51

Direkte innval: 52 75 2 + linjenr.

Ragnhild Ognøy: linjenr. 150

Ingunn Sunde: linjenr. 152

Ingunn Sunde - trygdesjef

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag i Boknatun
kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre
vekedar, tlf. 52 77 05 00

Bjørn Bruaset - jordbrukssjef

DAGSENTERET

Dagsenteret på Boknatun er ope
kvar onsdag frå kl 10.00 - 14.00.

Alle over 70 år er hjertelig
velkomne.

Påmelding, tlf. 52 74 83 09

Julianne

BOKN BYGDABLAD

UTGJEVAR

Bokn kommune

5561 BOKN

Tlf 52 75 25 00

Fax 52 75 25 15

E-post jhavikbotn@bokn.kommune.no

BYGDABLADNEMND

Svein Ivar Langhelle

Eva Moi

May Jorunn Vatnaland

REDAKTØR

Jardar Havikbotn

Direkte tlf. 52 75 25 08

REDAKSJON

Jardar Havikbotn

Reidar Alvestad

Linda Ognøy

ABONNEMENT

Kr. 200,- pr. år

ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 500,-

Halvside kr. 300,-

Kvartside kr. 150,-

1/8 side kr. 100,-

Privatann. kr. 30,-

Fastann. etter avtale

FRIST FOR STOFF

Etter avtale med redaktøren

BLADET KJEM UT

10 gonger i året

STORT FORSIDEBILDE

Nøgde med Bygdeboka:
Bygdeboknemnd, forfattar
og ordførar under over-
rekkinga 25. oktober.

Foto: Jardar Havikbotn



TILBUD STEINFRI SKJELLSAND + høy og halm

Kr. 140,- pr. m3 fritt utkjørt innmark.

Kr. 150,- pr. m3 fritt utkjørt utmark.

*Kontakt Morten Ullenes,
4150 Rennesøy*

51 72 31 33

900 16 817

Hausttakkefesten i kyrkja 29. september



Tre stolte bestefedre!

Fv. Leif Vatnaland med Lene Vatnaland.
Bjørn Eirik Gundersen med Sunniva Jenny
Taraldlien og Svein Vea med Svein Isdahl.

Etter det Bygdabladet kjenner til har det aldri skjedd i Bokn før at tre bestefedre har bore barnebarnet sitt til dåpen på same dag.

Bjørn Eirik seier til Bygdabladet at det å bera Sunniva Jenny til dåpen var eit svært gripande augeblink han aldri vil gløyma. Det var også spesielt at dåpskjolen var heile 154 år gamal! Farfar til Bjørn Eirik brukte han første gong i 1848.

- Begge foreldra mine med sine sysken har blitt døypte i den same kjolen, likeeins alle barna og barnebarna mine, fortel den stolte bestefaren.

Det er tradisjon at 2. klasse på skulen deltar på den årlege hausttakkefesten i kyrkja. Då syng dei "Han har den heile vide verda", og kvar elev har med seg ei korg med frukt og/eller grønnsaker. Dette blir delt ut til kyrkjelyden på slutten av gudstenesta.

Forut for hausttakkefesten var klassen i kyrkja saman med Presten, og han kom på skulebesøk i etterkant. Då fekk han m.a. sjå det fine haustdiktet

og teikningane dei hadde laga. Seks av elevane teikna om opplevinga si i kyrkja. Desse ser du under her. I øvste rekke frå venstre er teikningane til Henrik, Maria, Marianne og Regine. Nederst Remi Andre og Øyvind sine.

I neste Bygdablad kan du få sjå resten av klassen sine teikningar saman med det nemnde diktet.

